

Vaksne med rusliding poliklinisk behandling

Alkoholbrukslidingar er den hyppigaste rusbrukslidinga i Noreg, og er mest vanleg blant unge vaksne mellom 18 og 35 år. Skadeleg bruk av alkohol er meir vanleg blant menn enn hos kvinner. Pasientar med ruslidingar har ofte også andre psykiske lidingar og kroppslege sjukdommar. Personar med rusliding kan få både poliklinisk behandling og døgnbehandling i spesialisthelsetensta.

Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, med rusliding som hovud- eller bitilstand er inkludert. Rusliding er definert ved ICD-10-kodane F10, F11, F12, F13, F14, F15, F16, F18, F19.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørande) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontakt per pasient
Bergen	59 542	2 644	22,5
Vestfold	17 569	1 372	12,8
Lovisenberg	21 644	1 704	12,7
Stavanger	22 782	1 803	12,6
Sørlandet	23 799	1 914	12,4
Fonna	11 059	988	11,2
OUS	16 950	1 590	10,7
Diakonhjemmet	8 769	832	10,5
St. Olavs	13 720	1 312	10,5
Møre og Romsdal	7 516	762	9,9
Ahus	20 102	2 068	9,7
Østfold	15 843	1 666	9,5
Vestre Viken	18 833	1 984	9,5
Telemark	9 364	1 046	9,0
UNN	4 923	554	8,9
Innlandet	14 418	1 661	8,7
Helgeland	2 066	242	8,5
Nord-Trøndelag	4 022	509	7,9
Førde	2 302	328	7,0
Nordland	2 869	432	6,6
Finnmark	1 258	204	6,2
Noreg	299 349	25 027	12,0

Poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) med rusliding i psykisk helsevern og TSB. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018.


Resultat

Kvart år var 25 000 vaksne med rusliding i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, TSB eller hos avtalespesialist psykisk helsevern, med nær 300 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 4 til 17 vaksne med rusliding i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggjarar per år. Kontaktraten varierte i buområda frå 27 til 212 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 93 som gjennomsnittleg årsrate.

Vaksne med rusliding hadde i gjennomsnitt 12 polikliniske kontaktar per år, men talet varierte i buområda frå 6 til 22.

Av kontaktane blei 77 % gjennomført i TSB og 11 % i psykisk helsevern. I buområda varierte prosentdelen kontaktar i TSB frå 18 % til 91 %, og i psykisk helsevern frå 8 % til 80 %. Relativt få blei gjennomført hos avtalespesialistar (opp til 6 %).



Kjelde: NPR/SSB

Kontaktrate, vaksne med rusliding i poliklinisk behandling. Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Det er særleg stor variasjon i poliklinisk behandling for vaksne med rusliding. Også variasjonen i pasientatar er stor mellom buområda, og vaksne frå buområde med høgast rate får kvart år meir enn tre gonger så mange polikliniske kontaktar som vaksne i buområde med lågast rate.

Vaksne med rusliding får ulik poliklinisk oppfølging, avhengig av kvar dei bur i landet. Relativt høgare bruk av poliklinikk innan psykisk helsevern og TSB i dei største byane, kan ha bakgrunn i større behov for behandling hos innbyggjarane der.